



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
24.06.2014
Dykkar dato
06.06.2014

Vår referanse
2006/414 - 562
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til endringsmelding for Ytre Oppedal kraftverk, Gulen kommune

Vi viser til oversendinga datert 6.6.2014 og til e-posten med utsett høringsfrist.

Fylkesmannen vurderer at redusert vassføring på ytterlegare 950 m elvestrekning vil råke naturmiljø og friluftsliv, men at konsekvensane ikkje vert så store at vi vil rå i frå planendringa. Ut frå kunnskapsgrunnlaget i dag føreset vi at det vert stilt krav om omlaupsventil for å unngå skade på sjøaurebestanden ved uføresette utfall i kraftstasjonen.

Ytre Oppedal kraftverk fekk i 2011 konsesjon til å konsesjon til å byggje ut Ytre Oppedalselva med inntak på kote 300 og kraftstasjon på kote 110. Endringsmeldinga går ut på å forlenge røyrgata og flytte kraftstasjonen ned til kote 59. Den årlege kraftproduksjonen vert auka frå 6,8 til 9,5 GWh, altså ein årleg energigevinst på 2,7 GWh.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vidare legg vi vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det er uheldig at det vert søkt om så store endringar kort tid etter at det er gjeve konsesjon. Alternativet burde vore utgreia som del av konsesjonssøknaden for å sikre at alle fordelar og ulemper ved prosjektet vart vurdert heilskapleg. Vidare er det uheldig at det berre vert ei avgrensa høyring av planendringa med svært kort frist. Dette gjer at viktige innspel kanskje ikkje vert fanga opp. Planendringa vil påverke ytterlegare om lag ein kilometer elvestrekning, og dette utgjør 40 % av samla påverka elvestrekning. I lys av dette vil det vere ein føremon om kraftstasjonen ikkje vert flytta så langt ned i dalen.

Fylkesmannen vurderte den opphavlege søknaden til å vere i noko konflikt med friluftsliv og anadrom fisk. Dette var i hovudsak knytt til høg utnyttingsrad med maks slukeevne på 220 % av middelvassføringa, låg minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring (30 l/s) som berre gjaldt sommarhalvåret, og at det ikkje var planlagt eller vurdert omlaupsventil. Vi vurderte likevel at nasjonale interesser ikkje vart påverka i så stor grad at det var grunnlag for å rå frå at det vart gjeve konsesjon, men vi føresette at det vart stilt krav om minstevassføring heile året. Vidare bad vi om at skulle vurderast omlaupsventil for å sikre produksjonen av sjøaure nedstraums kraftverket.

I konsesjonen vart det fastsett minstevassføring på 50 l/s i sommarhalvåret (5-persentil sommar er 25 l/s) og 30 l/s i vinterhalvåret (alminneleg lågvassføring). Det vart ikkje stilt krav om omlaupsventil.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Dersom kraftstasjonen vert flytta til kote 59 vil vasstilknytt flora og fauna og friluftsinteresser verte råka på ytterlegare 950 m elvestrekning. Fastsett minstevassføring vil til ei viss grad avbøte skadane på naturmiljøet og friluftslivet. Fossefall vert truleg sterkt råka av utbygginga, og det er planlagt å etablere kunstige hekkeplassar for å avbøte desse skadane.

Avstanden frå kraftstasjonen til vandringshinderet for sjøaure vil verte redusert til om lag 650 m. Dette vil auke faren for rask tørrlegging av gyte- og oppvekstområde ved uføresett stans i kraftstasjonen ytterlegare samanlikna med det konsesjonsgjevne prosjektet. Etter vår vurdering er ikkje kunnskapsgrunnlaget godt nok til å kunne fastslå at uføresette utfall ikkje vil skade sjøaurebestanden. Vi meiner dermed at naturmangfaldlova § 8 ikkje er oppfylt på dette punktet, og at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 må leggjast til grunn. Det må såleis stillast krav om omlaupsventil.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Ytre Oppedalselva i tilstandsklasse «moderat økologisk tilstand» på grunn av at vassdraget er forsura. Datagrunnlaget er mangelfullt, og elva bør difor kartleggjast nærare for ei sikrare tilstandsvurdering. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan være grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Gulen kommune
Miljødirektoratet